

Mellom slåtteng og edellauvskog

På ei bratt og ulendt fjellside mot Sørjorden langs Osterøy ligg Havrå, ein unik gard som heldt i hevd og formidlar måten landbruket vart driven i førindustriell tid. Havråtunet, eit av Noregs best bevarte klyngetun, kviler på grunnar med røter attende til busetnader frå tidleg jernalder (Bøthun & Clemetsen, 2022).

I ei tid prega av intensivt landbruk med monokultur som utarmar jorda og gjer henne sårbar for skadegjerarar, er hovudmålet for Havrå å ta vare på–og auke–verdiane i kulturlandskapet (s.18). Eit viktig tiltak er å skjøtte (stelle) lysopningar ved skogstyning og tilbakeskjering av tidlegare styva tre, for gradvis å dreie marka attende til slåtteeng. Verdien av slåtteengene vil auke etterkvart som dei vert skjøtta, med potensiale til å hente fram att den særleg sjeldne naturtypen lauveng, i rik utforming (s.53). Størst biologisk verdi ligg i dei gamle edellauvtrea med høg førekomst av raudlista lav og sopp på stammane. I 2022 var det registrert 140 slike gamle tre av ask og alm på Havrå (s.49).

Som del av Ask og Embla-utstillinga, er mitt kunstnarlege bidrag, for å skape meistringstru, handlingsvilje og lindring, å prøve å komme på innsida av dette arbeidet. Gjennom visuell dokumentasjon og estetisk bearbeiding undersøker eg korleis dette stadbundne, analoge samspelet mellom menneske og natur påverkar landskapet mellom slåtteng og edellauvskog. Kva er det ved dette «kulturbiologiske systemet», mellom det immaterielle og det materielle (s.11), mellom handverk, estetikk og nytte, som skapar ein djup gjenklang av å høyre til – som relasjonelt menneske, mellom natur og kultur?

Gjennom materielle temperamaleri med innslag av ask og alm, er målet å bevisstgjere og synleggjere verdien av eit rikt, ekstensivt naturmangfald, og å skape tru på at samarbeid med naturen kan gjenopprette liv og ny vekst. I kulturlandskapet mellom slåtteng og edellauvskog ligg tolmod og generasjonar av taus handboren kunnskap, forma over tid. Uttrykk som minner oss på at me ikkje berre høyrer til i historia, men i handlingane våre–her og no.

Irene Fanebust Eknes